

HOPPBAKKANE PÅ LA, ØGGAREN OG I HOLEMARKA

På slutten av femtitalet og inn i sekstitalet var det eit yrande liv med aktive skigutar og skjenter på La, Øggaren og Hole.

Ovanfor Bø-husa i Holemarka hadde Rolf Lødøen frå midt på femtitalet ein Lisjebakke, den første i området trur eg. Ein liten bakke med skog rundt der både Arnfinn Bergmann og Torbjørn Falkanger var gode førebilete når smågutane sette utfor. Han Bø-Harald hogde seinare også ut ei passande slalåmløype som vart fottrakka rett ved sidan av.

Då "Storfonna" kom. Hoppbakken på Ola-reina (der Martin Lade sitt hus står i dag) var for alle aldersgrupper og eit populært område for skileik i barneåra. Der var fullt av ungar og stor aktivitet då vi brått høyrde eit kraftig brak. Fonner var vi vel vande med. Men her losna det rett under toppen av Vesle Kløvheitind, og det var uvanleg. Og fonna stoppa ikkje på første flata, men vart breiare og breiare då den seig utover første kanten og skaut meir fart i partiet mellom Kløvheia og Skjortehornet, aksellererte ettersom det vart brattere og rausa ned i dalen i eit voldsomt brak og gøvå stod som ei sky. Ungane var fjetrande stille. Dette var største fonna vi hadde sett, og ho gjorde inntrykk før leiken kom i gong igjen.

Bø-bakken. På Midtbøen var det òg ein flat bakke nytta av dei minste. Men det var Bø-bakken som var den faste tilhaldsstaden og gutane gjorde sitt beste for å betre profilen. Så snart snøen kom så tok Rolf til å lage bakke. Det lange og høge hoppet var vel ikkje tidsrett, men gjorde nytta. Ein gong vi heldt på der kom Jon Brandshaug, han hadde byrja arbeide på Lade Møbelfabrikk, og budde med familien på loftet hos Hjalmar Lade. Jon var ein skikkeleg tøffing og gjekk rett opp i ovanrennet, trakka seg like godt endå nokre meter tilfart, og sette utfor på vanlege turski. Han hoppa bakken ned, landa på den ikkje altfor godt preparerte flata og slo igjennom. Jon rusla heimatt. Etterpå fekk vi vite at han hadde brote bein!

Reme-og Bødabakken. Remebakken var Magnor Ramstad sitt verk. Tilfarta var på skrå av bakkens fallretning og valda av og til problem. Bakken vart mykje brukt. Men Magnor trong ein større bakke. Bødabakken vart løysinga. Innbydande låg han der, slik han enno gjer, nedanfor Bøda-husa. Problemet var lang tilfart og litt lita fart tykte Magnor. Så han la snø over riksvegen, bygde ned vegbardane og tok fart på høgde med Bødvar sitt hus, eller vel så det. Så lytta han, om det skulle kome bilar, og sette så utfor. Jau, farta var god den, men det var ikkje faren, Johan, som køyrde brøytebilen. Og det vart sett ein stoppar for tiltaket.

Skirenn. Rundt desse bakkane vart det stadig vekk skipa renn. Impulsivt eller i regi av "Guteklubben Varg" med tilhald i kjelleren til Hauknut-Andreas (leiar i V.I.L. i 1910) og med eige klubbmerke i papp etter inspirasjon frå Norsk barneblad. Renna var gjerne kombinert med langrenn og slalåm i den grad ein kan kalle det det. Same skia vart brukt over alt. Så det var realt Skiatlom vi praktiserte. Men einarane hadde betre tilfong. Bø-Harald hadde laga skikkelege hopparki til Rolf i hickory med 3 render under. Også Magnor hadde hopparki. Desse to dominerte sjølvstøtt resultatlistene. Magnor var snau favoritt i slalåm ettersom han svinga godt begge vegane, og han hoppa med hendene på ryggen. Rolf hoppa stort sett lengst med tilnærma Recknagelstil. Vi andre flaksa og streva med å kome skikkeleg over kulen.

Vi hadde med ski på skulen når vår og føre tillét det. Ovanfor Brøvollskulen, der Strøm bygde hus, var det ei passande hellning for slalåmløype som vart nytta i friminutta. Litt meir avansert vart det når løypa vart flytta utom garden – i småskogen på Brudevoll sitt stykke. Improviserte løyper rundt småkjerr og bjørkestammer vart fottrakka. Slike løyper hadde vi òg ovanfor Ramstadhuset på Øggaren og i lia ovanfor Bøen i Holemarka. Vi var alltid på utkik etter nye løyper.

"Labakken". Etter som gutane vart vaksnare, auka behovet for større bakke og reina utanfor Bøen i Holemarka vart vurdert, den såkalla La-brauta. Eg trur det var Helge Lødøen som først tok initiativ. For oss yngre var Helge rekna som "stilhoppa". Der vart mykje preparering med

bygging av kul, løyse opp nettinggjerde i overgangen og kome seg over vegen og ned på sletta. Også her var ovanrennet litt langt og flatt, men det gjekk. Dette var nok helst ein bakke for hoppski, turskia vart litt for enkle her. Dei modigaste av dei yngre gutane vart derfor utstyrt med store hoppski, og det vart luftige svev av både Jarle Lade og Geir Ove Brandshaug. I bakken vart det arrangert skirenn og den var i drift i mange år, men den vart aldri ansett som passende arena for større og mindre bakkar. Etter kvart reiste ein del av eldsjelene ut på skule eller i militærteneste og ein periode var over.

Langrenn. Ved starten på sekstialet grodde det fram ei yrande langrennsinteresse mellom dei f.1948 og seinare, som også i stor grad heldt til i Holemarka, med utgangspunkt i Bø-garden. Vi fekk laga lysløype og den vart eit aktivum. Og vi hadde ivrige leiarar, t.d. Kaspar Fet og Karl Lade. Og vi hadde Einar Gløtheim frå Engerdal, ein ungdom med langrennsbakgrunn og tæl, og i rett aldersklasse. Utifrå dette miljøet grodde det utøvarar som gjorde det sterkt langt opp i seniorklassene.

Andre bakkar. Nedover dalen var det sjølvsagt mange bakkar, slik som Holbakken, Nakkeberget, Bøen på Brunstad, Hjorthol og nedom Brauta. På fjellet, ovanfor Fetstølen, vart det òg skipa til renn. Kanskje er terskelen høgare i hopp enn i slalåm og langrenn for å kome vidare. Det trengst både miljø og allsidigheit og utval i bakkestørrelser. Det prøvde vi òg å finne ut av i etterfylgjande år, uten å lukkast.

Den som kom lengst i miljøet rundt La og Holemarka var Rolf Lødøen som hoppa i storrennet i Brunstadbakken i 1962, mest utan å ha hoppa i ein slik stor bakke før og som saman med Olav P. Hole var Velledalen sine representantar. Skiheiser og slalåmutstyr gjorde no sitt inntog, var nytt og spennande, og ved inngangen til syttitalet konkurrerte dette ut interessa for hoppporten. Trass i eit tippepengestøtta hoppanlegg i Hevsdalen, så har ikkje hoppporten greidd å ta seg opp att, korkje her eller i nabobygda.

Jan Lade